# Småsporven gjeng i tunet

Småsporven gjeng i tunet
og tippar korn og ribbar strå
og hev so god ei une
og lær åt katten grå.
Pip, pip, det so seg lagar
alle dagar,
at Monsemann meg jagar,
men kan meg aldrig få.

Eg er so lett på vengjen
og Mons må sleikje seg om trut;
kvitt, kvitt, den gamle drengen,
han fekk so mang ei sut.
Og om i vide ringar
hauken svingar,
eg bort meg kverv og kringar
og slepp av leiken ut.

Eg lever dagar lette
og er fonøyd , å ja, å ja!
Kvar deg eg fær min mette
som eg helst vil ha.
Pytt, pytt, kven spør om føda?
Nok i løa!
Der ligg den rike grøda;
der kan eg berre ta.

Og tidt eg fær i joli
ein godbit fin av Veslemøy;
og frys det, hev eg skjol i
det gode varme høy.
Og so - kvitt-kvitt, godmår'n!
:/:so kjem våren;:/:
då fri på vengen boren
eg bygger reir på øy.

**Opplysninger:**

Teksten er skrevet av Arne Garborg og er en del av diktverket Haugtussa. Det er en fortelling på vers om den unge jenta Gislaug eller Veslemøy som får tilnavnet Haugtussa fordi ho er synsk.
Første delen i fortellinga - Heime - skildrer livet hjemme på gården der Veslemøy voks opp, og diktet hører til denne delen.
Garborg skrev det meste av Haugtussa på Jæren vinteren 1894 - 95.